



Arkivnr: 2015/1137-1

Saksbehandlar: Hans Inge Gloppen og Arthur K. Arnesen

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		18.02.2015

## Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2015

#### Samandrag

«*Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2015*» (HNH 2015) er styrande for bruken av næringsretta utviklingsmidlar i Hordaland. Handlingsprogrammet gjev også føringar for andre offentlege etatar sitt utviklingsarbeid i fylket. Målgruppa for programmet er private og offentlege utviklingsaktørar som Hordaland fylkeskommune samarbeider med. Det overordna styringsdokumentet for handlingsprogrammet er «*Regional næringsplan for Hordland 2013-2017*».

Handlingsprogrammet er utarbeidd i nært samarbeid med Regionalt Næringsforum, og etter innspel frå sentrale nærings- og utviklingsaktørar som Innovasjon Norge Hordaland, Fylkesmannen i Hordaland Landbruksavdelinga, Business Region Bergen, Maritimt Forum for Bergensregionen og fylkeskommunen si opplæringsavdeling. I saka er det foreslått korleis midlane til regional næringsutvikling på 62,286 millionar kroner skal disponerast i 2015. Hovuddelen av midlane er overføringar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (56,784 millionar kroner). I tillegg inngår 3,071 millionar kroner frå fylkeskommunen sitt eige budsjett, og 2,431 millionar kroner i renter frå midlar som ikkje er utbetalte fordi prosjekta ikkje er avslutta.

#### Forslag til vedtak

Fylkesutvalet vedtar «*Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2015*»

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 28.01.2015**

## 1. Bakgrunn

«*Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2015*» (HNH 2015) er styrande for bruken av næringsretta utviklingsmidlar i Hordaland. Handlingsprogrammet gjev også føringar for andre offentlege etatar sitt utviklingsarbeid i fylket. Målgruppa for programmet er private og offentlege utviklingsaktørar som Hordaland fylkeskommune samarbeider med. Det overordna styringsdokumentet for handlingsprogrammet er «*Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017*». Dei statlege føringane som blir gitt gjennom dei årlege tildelingsbreva er også sentrale for virkemiddelbruken knytt til handlingsprogrammet. Desse føringane er innarbeidd i handlingsprogrammet.

Prosjekt og tiltak som skal finansierast vil bli vurdert i lys av måla og dei definerte innsatsområda i handlingsprogrammet. Dette vil få innverknad på søknadshandsaming og forvalting av dei økonomiske verkemidla. Forvaltinga av verkemidla er delt mellom Hordaland fylkeskommune, Innovasjon Norge (IN) og dei regionale næringsfonda. Fylkeskommunen handsamar prosjekt og søker av tilretteleggjande karakter, medan søker om støtte til bedrifter blir handsama av IN. Dei regionale næringsfonda har til no handsama mindre søker om søknadar og søker om regional og lokal karakter.

Etter at den nye regionale næringsplanen var klar i 2013, blei det i 2014 utarbeidd eit nytt «*Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2014*» (HNH 2014) til erstatning av tidlegare Regionalt utviklingsprogram (RUP). HNH 2014 blei vedtatt av fylkesutvalet 19.02.2014 i PS 32/2014. I denne saka fremmer fylkesrådmannen «*Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2015*» til godkjenning. HNH 2015 er ei oppdatering og justering av HNH 2014. Sjølvé programmet ligg som vedlegg til saka.

## 2. Om prosessen

Handlingsprogrammet er utarbeidd med støtte frå ei ressursgruppe satt saman av representantar frå Innovasjon Norge Hordaland, Fylkesmannen i Hordaland Landbruksavdelinga, Business Region Bergen, Maritimt Forum for Bergensregionen og Opplæringsavdelinga.

Regionalt næringsforum har vore styringsgruppe, trekt opp rammene for arbeidet, og handsama utkast til plan i to møte. Viktige innspel frå RNF i prosessen har mellom anna vore:

- Krav om godkjente lærebodriftar er ikkje nok. For kontraktar av ein viss storleik må det inngå at bedriftene også må ha lærlingar. Her vart det peika på Bergen kommune sitt opplegg på dette.
- Det var semje om ikkje å nytte «krise» i samband med fallet i petroleumsaktiviteten. Likevel er det viktig å arbeide med beredskapstiltak for å møte utfordringane. Omstilling blir eit av dei viktigaste tema for 2015, særleg med omsyn til kva vi kan gjere regionalt og opp mot nasjonale aktørar.
- UiB vil sette fokus på klyngeutvikling knytt til realisering av det nye teknologibygget, og til auka samarbeid med næringsaktørane. Bra om det kan vere samsvar med nokre av innsatsområda i HNH. Det bør også vurderast om HNH skal visas til Regional forskingsstrategi.

Utkast til HNH 2015 blei handsama av RNF på møte 3. februar 2015, der RNF gjorde følgjande vedtak:

*«RNF tilrår fylkesutvalet å godkjenne utkast til HNH 2015 med dei merknader som kom fram i møtet»*

## 3. Kort omtale av «*Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2015*»

«*Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017*» trekkjer opp dei overordna mål og rammer for næringsutviklingsarbeidet i planperioden. I næringsplanen er det fokusert på tre hovudstrategiar;

**Hovudstrategi 1:** Meir entreprenørskap og innovasjon,

**Hovudstrategi 2:** Fleire med meir relevant kompetanse

**Hovudstrategi 3:** Ein velfungerande Bergensregion og attraktive regionale senter

I HNH blir desse hovudstrategiane utdjupa og konkretisert gjennom definerte resultatmål og konkrete innsatsområde som blir sett på som viktige i det regionale næringsutviklingsarbeidet. HNH er styrande for bruken av dei regionale, næringsretta utviklingsmidlane i budsjettet.

Hovudstrategiane i næringsplanen er sektoruavhengige, og skal med det gjelde for alle sektorar. For at Hordaland skal utvikla ein posisjon som ein innovativ region i Europa er det likevel viktig at bransjar der fylket har særlege føremoner knytt til vekstpotensial, innovasjonsevne, internasjonal konkurransekraft og evne til omstilling, har særskilt fokus. Konsekvensen av dette er at handlingsprogrammet også vil ha eit fokus på viktige næringar som energi, maritim, marin og reiseliv. Alle desse næringane har spesielle fortrinn i Hordaland, og dei har også stort potensiale for vekst og internasjonal utvikling. I tillegg vil landbruk, som ei viktig distriktsnæring, og media- og kulturbasert næringsliv, som har stor innovativ kraft, vera næringar med særskilt fokus.

Tilhøvet mellom regional næringsplan, handlingsprogram og strategiske innsatsområder er skissert nedanfor:



Skjematisk oversikt over korleis handlingsprogrammet er tilpassa «*Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017*»

### 3. Justeringar i høve til HNH 2014

Fleire ytre faktorar i næringsliv og samfunnsliv er endra frå 2014 til 2015, og dette har igjen medført justeringar på innsatsområder og prioriteringar i HNH 2015. Endringa som påverkar årets handlingsprogram mest er signala frå petroleumssektoren om reduserte investeringar, innsparingar og reduksjon i talet på tilsette dei komande åra. Dette får naturleg nok ringverknader for det øvrige næringslivet i Hordaland, og fleire år med vekstfokus er no endra til eit større fokus på å få næringsliv og FoU-miljø til å

samarbeida tettare om forsking og innovasjon. Under er nokre av dei viktigaste justeringane og prioriteringane knytt til kvar strategi i HNH 2015 lista opp i kortform:

#### Strategi 1: Meir entreprenørskap og innovasjon

- Styrke kommunane si førstelinje slik at gründarar og samfunnsentreprenørar får betre hjelp og rettleiing for å finna fram i verkemiddelapparatet
- Bidra til ei klar rolle- og oppgåvefordeling mellom aktørane, særleg knytt til entreprenørskap og etablerar-rettleiing.
- Stimulere aktivitet knytt til kompetanseutvikling og prosjekt i etablerte klynger, og bidra til å utvikle nye klynger. Auka klynge-til-klynge-samarbeid, og tettare samarbeid med UiB.
- Styrke næringsfonda si satsing på nyetableringar i regionen.

#### Strategi 2: Fleire med relevant kompetanse

- Tettere samarbeid mellom vidaregåande skule og næringsliv
- Krevje at tilbydarane skal vere godkjente lærebedrifter ved utlysning av fylkeskommunale tilbod/anbod. For kontraktar av ein viss storleik må det inngå at bedriftene også må ha lærlingar.
- Vidareutvikle og gjere tilgjengeleg kompetanse i regionen som bedriftene kan nytte godt av til å utforma søknader EU midlar både til regional utvikling og næringsutvikling med særleg fokus på INTERREG og Horisont 2020. Medverke til etablering av koordineringsforum og mobiliseringsteam.

#### Strategi 3: Bergen og regionale senter

- Fylgje opp samarbeidet med BRB, mellom anna med sikte på å få vurdert moglegheitene for å utvikle eit større og meir synleg kontormiljø for regionale utviklingsaktørar i Bergen
- Bidra til samspel mellom kommunalt, regionalt og statleg nivå for få ei positiv utvikling i kommunane.

#### Regional omstilling

- Bidra til auka satsing på sektorar og bransjar med særskilte omstillingsbehov
- Fylgja opp regionar og kommunar i fylket som har særskilte utfordringar knytt til næringsliv, sysselsetting og folketal.

## 4. Disponering av økonomiske verkemidlar i 2015

#### Nasjonale og regionale føringar for bruken av midlane

Midlane til tiltak under «*Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2015*» kjem i hovudsak frå øyremarka statlege overføringar til fylkeskommunen for å styrka næringsutvikling, busetjing og verdiskaping. Posten blir supplert med løvingar over fylkesbudsjettet. Opptente renter frå ikkje utbetalte midlar frå tidlegare år er også lagt til ramma. Dei økonomiske rammene for budsjettet er som følgjer:

	2014	2015	Endring
«Objektiv ramme»	54 732 000	53 784 000	- 1,7 %
Omstilling	6 000 000	3 000 000	- 50,0 %
<b>SUM statlege øyremarka midlar</b>	<b>60 732 000</b>	<b>56 784 000</b>	<b>-6,5 %</b>
Midlar frå fylkesbudsjettet	3 026 000	3 071 000	1,5 %
Opptente renter	2 402 000	2 431 000	1,2 %
<b>Total ramme</b>	<b>66 160 000</b>	<b>62 286 000</b>	<b>- 5,9 %</b>

Som det går fram av oversikten er det ein reduksjon på 6,5 % i dei statlege midlane frå 2014 til 2015. Hovudgrunnen til reduksjonen er at midlar til omstilling er redusert frå 6,0 millionar kroner til 3,0 millionar kroner. I tillegg er «objektiv ramme», dvs. midlar som fylkeskommunen står friare til å disponera redusert med 1,7 % eller nesten 1 million kroner. Dei fylkeskommunale midlane er justert for prisstigning.

Frå 1. januar 2014 er det innført ein ny Forskrift for distrikts- og regionalpolitiske verkemidlar og nye statlege retningslinjer for distrikts- og regionalpolitiske virkemidlar. Saman med det årlege oppdragsbrevet regulerer

desse dokumenta forvaltinga og bruken av dei statlege virkemidla. Forskrifta trekker opp retningslinene for forvalting av dei statlege midlane mellom anna at:

- Fylkeskommunen kan forvalte midlane sjølv ved å utarbeide tilskottsordningar etter nærmere fastsette reglar. Unntaksvise kan det tildelast enkeltilskott ved særskilt å namngi mottakaren i budsjettpunktet fatta av fylkestinget.
- Delegera forvaltinga til kommunar, regionråd, IN, SIVA, Forskningsrådet, andre offentlege forvaltarar og unntaksvise til ikkje offentlege heileigde aktørar.
- Finansiera utviklingsprosjekt/program i regi av fylkeskommunen.
- Medfinansiera nasjonale program og satsingar som til dømes næringshagar, inkubatorar, Arena prosjekt, NCE prosjekt med meire.
- Renteinntekter skal ikkje nyttast til andre føremål.

I tildelingsbrevet for 2015 frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet blir det peikt på at den regionalpolitiske innsatsen skal rettast mot å utvikle samspelet mellom byane og regionane omkring og betre næringslivet sine generelle rammetilhøve. Midlane skal i hovudsak nyttast innafor det distriktspolitiske virkeområdet, men nokre av midlane kan også nyttast til å utløyse det regionale verdiskapingspotensialet og til å utvikle attraktive regionale sentra for folk og næringsliv.

I tildelingsbrevet blir det slått fast at nærings- og bedriftsretta tiltak skal prioriterast. Det blir peika på nasjonale mål om auka entreprenørskap og innovasjon samt kvalifisering av bedrifter til auka forsking og utvikling. Vidare blir også dei nasjonale måla om auka verdiskaping og om satsing på nettverk, bedrifter og etablerarar framheva. Næringsretta infrastruktur og næringsretta kompetanse er også prioriterte område.

Etter fylkesrådmannen sitt skjønn det stor grad av samsvar mellom prioriteringane i gjeldande næringsplan og i HNH 2015 og dei nasjonale føringane. Oppmodinga om å prioritere nærings- og bedriftsretta formål blir følgt godt opp. Ikke berre ved at halvparten av dei statlege midlane blir overført til IN, men også ved at ein stor del av dei midlane fylkeskommunen sjølv rår over går til næringsretta tiltak.

Dei fylkeskommunale midlane kan forvaltast noko friare enn dei statlege midlane. I fylkeskommunen sitt budsjett for 2015 legg desse føringane knytt til budsjettet for handlingsprogrammet:

- Fylkeskommunen sitt bidrag til VRV-programmet skal gå frå HNH-budsjettet.
- Satsinga på 2 millionar kroner til klimaretta tiltak blir vidareført.
- Inntil 1,2 millionar kroner skal nyttast til å dekke administrative kostnader knytt til forvaltinga av midlane i 2015. Dette er ei oppfølging av Handlefridom II.

### **Kommentarar til budsjettpostane**

Nedanfor følger forklarande kommentarar og fylkesrådmannen sine vurderingar knytt til dei ulike budsjettpostane. Sjølv budsjettet er vist på neste side. Budsjettet er ei vidareføring av budsjettet for 2014 og tala frå 2014 er tatt med for samanlikning.

#### **A. Bedriftsretta verkemidlar**

Fylkeskommunen overfører til Innovasjon Norge eit årleg øyremerka beløp til bedriftsretta tiltak. Midlane går til einskildbedrifter og etablerarar som lån og ulike former for økonomisk støtte. I oppdragsbrevet frå Hordaland fylkeskommune til Innovasjon Norge blir krav og forventingar nærmare kommentert. Overføringa til IN har dei seinare åra vore på omkring 50 % av dei statlege overføringane. Til tross for at dei statlege overføringane er redusert også i 2015 tilrår fylkesrådmannen at praksisen blir vidareført. 28 millionar kroner til IN utgjør 50 % av den statlege ramma for 2015 inkludert øyremerka midlar til omstilling.

#### **B. Tilrettelegging for næringsutvikling**

Verkemidlane som er lagt inn under denne hovudposten (B-1 til B-5), rettar seg mot dei sentrale utfordringane i handlingsprogrammet, og har som siktemål å realisera dei prioriterte innsatsområda gjennom tilskottsordningar. Dei klimaretta tiltaka skal primært vere knytt til innsatsområda i HNH eller til næringsretta tiltak i klimaplanen sitt handlingsprogram. Som følgje av reduksjonen i dei statlege over-føringane tilrår fylkesrådmannen at denne posten blir redusert med nesten 1 million kroner. Sjølv om dette er uheldig, vil det likevel gje eit godt grunnlag for å vidareføre fylkeskommunen si oppgåve på dette området.

På denne posten (B-6) er det også sett av midlar til VRI i tråd med føringa i fylkeskommunen sitt budsjett. Vidare har fylkeskommunen ein partnarskapsavtale om forsterka entreprenørskapssatsing hos IN kor fylkeskommunen finansierar ein ekstra stillingsressurs til dette. Også desse midlane er satt av her.

I sitt møte 29.01.2015 vedtok fylkesutvalet å nytte 8,19 millionar kroner av HNH budsjettet for 2015 til vidareføring av samarbeidsavtalar med regionale næringsretta utviklingsaktørar. Denne summen er ført på B-7. Ei liste over dei som mottar støtte både over HNH budsjettet og over fylkeskommunen sin budsjettpost «Næringsretta partnarskapsmidlar» er tatt med i HNH 2015.

### **C. Regionale næringsfond**

Statlege øyremerka midlar til regionale/kommunale næringsfond som i 2013 var på 10,8 millionar kroner, blei tatt bort i 2014 og det blei opp til fylkeskommunane sjølv å prioritere dette innafor dei ordinære rammene. Dei regionale næringsfonda hadde i ei årrekke spilt ein viktig rolle i det lokale og regionale næringsutviklingsarbeidet i Hordaland. Det blei difor vurdert som for drastisk å kutte løvningane heilt for 2014. I staden blei det valt ei løysing kor 4 millionar kroner av øyremerka midlar til omstilling blei overført til regionale næringsfond.

I 2015 er dei statlege midlane til omstilling halvert til 3 millionar kroner. Samstundes har utfordringane knytt til omstilling og nyskaping auka, særleg som følgje av redusert aktivitet i petroleumssektoren. Dette gjer at fylkesrådmannen ikkje vil tilrå å nytte delar av omstillingsmidlane til regionale næringsfond i år.

Ein viktig del av aktiviteten til fleire av dei regionale næringsfonda har vore å støtte etablerarar og ny næringsverksamhet. Sjølv om det ofte ikkje er snakk om så store summar er det viktige midlar for dei som mottar slik støtte. Dette er også i tråd med ein av hovudstrategiane i næringsplanen om meir entreprenørskap. Fylkesrådmannen vil difor tilrå at det blir sett av 2 millionar kroner som skal øyremerkast entreprenørskap og/eller konkret etablerarstøtte. Det må også vurderast om noko av midlane skal kunne nyttast til småprosjekt med stor regional verdi. Etablerarstøtte må også avgrensast i høve til IN sin utvida satsing på etablerarar. Dette inneberer samtidig at regionråda og andre utviklingsaktørar i staden kan søke HNH om finansiering til nokre av prosjekta som til no har vore finansiert over dei regionale næringsfonda.

Fylkesrådmannen vil kome attende til fylkesutvalet med ei eiga sak om dei regionale næringsfonda, med eit konkret forslag til nye retningslinjer og eit forslag til fordeling av midlane.

### **D. Omstilling og nyskaping**

Tiltaksområdet «*Omrstilling og nyskaping*» er eit verkemiddel som skal nyttast til tiltak i område som står ovanfor omfattande utfordringar knytt til sysselsetting og omstilling i næringslivet. Sårbare område (kommunar eller regionar) vil vere område med store hjørnestensbedrifter, stort innslag av konjunkturværingi bransjar eller næringssliv prega av omfattande omstrukturering. Utfordringane i petroleumssektoren gjer at fylkesrådmannen vil tilrå at det blir lagt ekstra vekt på omstilling i konjunkturværingi bransjar. Fylkesrådmannen vil difor tilrå at heile den statlege ramma blir prioritert til dette og vil kome attende med ei eiga sak til fylkesutvalet om bruk av omstillingsmidlane i 2015.

### **E. Forvalting**

Det er sett av 1,2 millionar kroner til dette føremålet i 2015 i tråd med budsjettvedtak i fylkeskommunen.

**Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2015 – budsjett (HNH budsjett)**

Hovudpost	Delpost	Budsjett 2014	Budsjett 2015
A: Bedriftsretta virkemidlar	A-1: Frie søkbare midlar forvalta av Innovasjon Norge	30 000 000	28 000 000
	<b>Sum bedriftsretta midlar</b>	<b>30 000 000</b>	<b>28 000 000</b>
B: Tilrettelegging for næringsutvikling, inkl. øyremerkte midlar	<b>Søkbare midlar/Tilskottsordningar</b>		
	B-1 Hovudstrategi 1: Meir entreprenørskap og innovasjon	5 020 000	5 000 000
	B-2 Hovudstrategi 2: Relevant kompetanse	5 000 000	4 156 000
	B-3 Hovudstrategi 3: Sentral vekst og attraktive regionsenter	4 000 000	4 000 000
	B-4: Bransjeretta tiltak,	3 000 000	3 000 000
	B-5: Klimaretta tiltak:	2 000 000	2 000 000
	<i>Sum søkbare midlar/Tilskotsordningar</i>	<i>19 020 000</i>	<i>18 156 000</i>
	<b>B-6 Øyremerkte midlar til program</b>		
	- VRI programmet	850 000	850 000
	- Entreprenørskapsatsing IN.	900 000	900 000
	<i>Sum øyremerkte midlar til program</i>	<i>1 750 000</i>	<i>1 750 000</i>
	B-7 Øyremerkte midlar til samarbeidsaktørar	8 190 000	8 180 000
	<b>Totalt til tilrettelegging:</b>	<b>28 960 000</b>	<b>28 086 000</b>
C. Regionale næringsfond	Avsette midlar som fordelast gjennom eige vedtak i fylkesutvalet	<b>4 000 000</b>	<b>2 000 000</b>
D: Omstilling og nyskaping	Avsette midlar som fordelast gjennom eige vedtak i fylkesutvalet	<b>2 000 000</b>	<b>3 000 000</b>
E: Forvalting	Delvis dekking av forvaltingskostnader hos Hordaland fylkeskommune	<b>1 200 000</b>	<b>1 200 000</b>
<b>SUM:</b>	<b>TOTAL RAMME</b>	<b>66 160 000</b>	<b>62 286 000</b>

**Kommentar til sakshandsaming.**

I fjor blei HNH 2014 handsama i fylkesutvalet utan forutgåande handsaming i sektorutvala etter tilråding frå fylkesrådmannen. Grunngjevinga var at det ikkje var mogleg å få til handsaming i Regionalt næringsforum (RNF) så tidleg at det var mogleg å rekke handsaminga i sektorutvala i februar. Behandling i mars blei sett på som for seint på året. Samstundes blei det signalisert at fylkesrådmannen i 2015 ville forsøke å legge opp til at sak om handsaming av HNH 2015 gjekk til sektorutvala før handsaming i fylkesutvalet.

Som overordna styringsgruppe for handlingsprogrammet, har RNF avgjerande innflytelse på det endelige innhaldet og kjem med tilråding til fylkesutvalet. Det er difor ikkje mogleg å sende ut saka til politisk handsaming før HNH 2015 er ferdig handsama av RNF. Heller ikkje i år var det mogleg å få til eit møte i RNF for endelig handsaming av HNH 2015 før tysdag 3. februar. Dette var for seint til å rekke møta i sektorutvala 10. 11. og 12. februar. Dersom saka utsettast til mars vil den ikkje vere ferdig handsama før 26. mars. Med påsken i byrjinga av april vil fylkeskommunen ikkje ha eit operativt program før medio april.

Fylkesrådmannen vil difor også i år tilrå handsaming i fylkesutvalet utan forutgåande handsaming i sektorutvala. I den grad fylkesutvalsmedlemma ønskjer å drøfte handlingsprogrammet med medlemmer i sektorutvala, ber fylkesrådmannen om at ein tar partivis kontakt med medlemmene i sektorutvala.

I samband med den politiske handsaminga av neste års HNH (for 2016), vil fylkesrådmannen komme attende med forslag til framtidig rutine for politisk handsaming av handlingsprogrammet.